

# SLUTTRAPPORT

## Fv. 60 Holetunnelen



Rapporten er skrevet av: Jon Harald Huseklepp

Godkjent dato: 11/3 2016

Signatur: Margot Aase Åsebø

Godkjent av: Margot Aase Åsebø

# 1 SAMANDRAG

Fv. 60 Holetunnelen er ein av tre parsellar mellom Olden og Innvik som skal utbetrast til tofeltsveg. Strekninga Olden – Innvik har gjennomgåande dårleg standar og vegen har ikkje hatt vesentleg utbetring sidan vegen vart opna for trafikk i 1936. Spesielt om sommaren har det vore trafikale problem pga. at det ikkje var tilstrekkeleg med møteplassar.


## Oversiktkart:

Holetunnelen (grønn linje), Agjeldstunnelen (raud linje), Agjeld-Ugla (blå linje 2010).



## Oversiktkart:

Holetunnelen.



Milepel	Dato	Merknad
Fylkestingvedtak	2009.12	Vedtak på at rv. 60 skal inn i handlingsprogram for store prosjekt
Reguleringsplan	2009.06	Godkjend reguleringsplan
Kostnadsoverslag 2009	2009.01	Overslaget var kr. 46 mill. 2008-kr.
Byggeplan/Tilbod	Mai 2010	Fv. 60 Holetunnelen, Veg og tunnelarbeid
Kontraktar/avtaler	25. oktober 2010	AS Birkeland Entreprenørforretning
Anleggstart	11. november 2010	
Opning for trafikk i tunnel	13. oktober 2011	Trafikken gjekk gjennom anleggsområdet i heile byggetida.
Vegopning	17. oktober 2011	Det var ikkje offisiell opning av parsellen.
Overtaking frå utførande	17. oktober 2011	

## 2 PROSJEKTSKILDING

### 2.1 Historikk

I 2005 vart det i fylkestinget vedteke at rv. 60 Olden – Innvik skulle inn i handlingsprogrammet for 2010 - 2015 med løyvingar på 145 mill. ( av dette var det 45 mill. kr rassikringsmidlar). Det vart og vedteke at det skulle arbeidast med å finne løysingar for tidlegare oppstart og nødvendige planlegging for heile parsellen fv. 60 Olden – Innvik. .

Reguleringsplan for Årholen – Ugla vart godkjend 30.06.2009.

I 2009 vart det tildelt 10 mill. av tiltaksmidlar til rv. 60 Olden – Innvik. Tiltaksmidlar vart nytta til bygging av parsell Agjeld – Ugla ( 500 m. veg i dagen). I anleggsperioden i 2010 rasa eit fjellparti ut noko som medførte ekstra anleggskostnader på ca. 10 mill. Dette vart finansiert ved å flytte planlagde løyvingar til parsell Holetunnelen over til Agjeld – Ugla. Anlegget var ferdigstilt i oktober 2010.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune overtok i samband med forvaltningsreforma eigarskap av rv. 60 1. januar 2010, og fekk såleis vidare ansvar for finansiering av utbygging.

Prosjektering av parsell Holetunnelen starta i 2009. Prosjektet omfatta utbetring av 1,15 km veg i dagen og 280 meter tunnel. Tunnelen er under 500 m. så det er det ikkje krav til sikkerheitsutstyr som naudstasjonar, radioanlegg, evakueringslys og ventilasjon.

Det var 3 tilbydarar som leverte tilbod ved tilbudsopning august 2010.

AS Birkeland Entreprenørforretning vart innstilt som nummer 1 og det vart signert kontrakt oktober 2010.

Anleggsarbeidet starta november 2010 og vart ferdigstilt oktober 2011.



Holetunnelen før anleggsstart



Oppstart tunneldriving januar 2011



Ferdig tunnel vest



Ferdig tunnel aust



Avdekking av lausmassar aust for  
Holetunnelen, desember 2010



Ny tofeltsveg aust for Holetunnelen

## 3 ØKONOMI

### 3.1 Planlagde kostnader

Vedtak på løyvingar Holetunnelen:

2010:

- Vedtak FT-sak 75/09: Løyving 43 mill. kr til Olden – Innvik.
- Vedtak FT-sak 36/10: Overførte midlar frå riksveg 2009, med 19,58 mill.
- Vedtak FT-sak 45/10: Auka løyving 3 mill. kr etter handsaming av 2. tertialrapporten.

2011:

- Vedtak FT-sak 66/10: Leveranseavtale 2011, løyving 1,7 mill. kr.
- Vedtak FT-sak 37/11: Overført 39,59 mill. kr.

2012:

- Vedtak FT-sak 59/12: Auka løyving 8 mill.

2013:

- Vedtak FT-sak 15/13: Overført -1,099 mill. kr.
- Vedtak FT-sak 15/13: Auka løyving 2,225 mill. kr.
- Vedtak FT-sak 38/13: Auka løyving 2,725 mill. kr.

2014:

- Vedtak FT-sak 17/14: Overført 1,168 mill. kr.
- Vedtak FT-sak 30/14: Auka løyving 1,132 mill. kr.
- Vedtak FT-sak 33/14: Endra namn på tunnel

Grunnlag for prosjektkostnaden er anslag basert på reguleringsplan. Anslag blei utført i 2009 og totalkostnader var 46 mill. 2008- kr., som tilsvarar 57 mill. 2015- kr. Dette vert rekna som opphavelig kostnadsoverslag for prosjektet.

Prognose for prosjektet er 67 mill. 2015- kr.

I forhold til opphavelig kostnadsoverslag frå 2009 omrekna til 2015-kr., er prosjektkostnaden auka med 17,5 %.

Dei viktigaste årsakene til kostnadsoverskridinga er:

1. Auka entreprise med 9 mill. 2015 kr. ekskl. mva.
2. Auka mva. med 1 mill. 2015 kr.



### 3.2 Utførte kostnader

Tabellen viser forholdet mellom årleg forbruk i løpande kroner og 2015-kroner.

Årleg forbruk								Sum
År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	
Mill.kr (løpande)	0,10	4,4	46,2	4,2	2,7	2,3	0,4	60
Mill. 2015-kr	0,13	5,2	51,5	4,6	2,8	2,4	0,4	67

Prosjektet vart gjennomført i ei kontrakt med ein entreprise for veg og tunnel.

Tabellen viser forholdet mellom entreprisesum og sluttsum etter bygging:

Entreprise	Entreprisesum (eks mva)		Sluttsum etter bygging (eks mva)		Skilnad
	Mill. kr løpande	Mill. 2015-kroner	Mill. kr løpande	Mill. 2015-kroner	
Veg 1	37,7	44,5	46,7	52	7,5
Sum	37,7	44,5	46,7	52	7,5

#### Merknader:

Entreprisene på prosjektet vart 9 mill. kr høgare enn føresett mellom anna fordi det vart naudsynt å utvide portal i aust etter at kontrakt var signert. Årsaka var for liten siktsone i kurve ut av tunnel. Endring av portal medførte lenger byggjetid og dette gav entreprenøren grunnlag for dekking av ekstrakostnader med rigg og kompensasjon for lenger byggetid.

## 4 ENTREPRISER

### 4.1 Oversikt over entrepriser

Hovudentreprise var einingskontrakt. Det var 3 entreprenørar som leverte inn tilbod.

Det var AS Birkeland Entreprenørforretning som fekk tildelt kontrakten.

Kontraktar/avtaler	Underskreven kontrakt	Overtaking frå utførande	Entreprenør
Fv. 60 Holetunnelen	26. oktober 2010	17. oktober 2011	AS Birkeland Entreprenørforretning

### 4.2 Garantiar

Entreprenørane stilte ansvarsforsikring som også dekkar skader som skuldast underentreprenørar.

I samsvar med kontraktane stilte entreprenørane bankgaranti på 10 % av kontraktssummen som samla trygging for oppfyljing av kontraktspliktene i byggetida og reklamasjonstida. Det tredje og siste året av garantitida utgjer garantien 1 % av kontraktssummen. Garantitida for kontraktarbeida er 3 år frå overtaking av kontrakt.

## 5 ULYKKESTATISTIKK

Det var ingen ulykke med person/ materiell skade på prosjektet. Totalt har entreprenør utført 23 105 timeverk i prosjektet. Rapporterte nesten ulykker/ farlige forhold: 4 stk. (2 HE og 2 UE). Entreprenøren leverte få nestenulykker, dette vart etterspurt og entreprenørens svarde at dei ikkje hadde fleire registrete nestenulykker.

	Totalt for prosjektet	Mål for prosjektet
H1	0	< 8
H2	0	< 25
F	0	< 160
N	173	> 500

**H1 = antall personskader med fravær utover skadedag x 1 000 000**  
utførte timeverk

**H2 = antall personskader med og uten fravær x 1 000 000**  
utførte timeverk

**F = antall fraværsdager som følge av personskader x 1 000 000**  
utførte timeverk

**N = antall nestenulykker/farlige forhold x 1 000 000**  
utførte timeverk

## 6 MILJØ

### 6.1 ESTETIKK OG LANDSKAPSTILPASNING

Heile veganlegget låg langs eksisterande veg. Det vart difor lagt stor vekt på at vegen skulle gå mest mogleg ”i eitt med naturen”.

### 6.2 STØY / VIBRASJONAR

Det var ein grunneigar som var i direkte kontakt med anleggsarbeidet. Anleggsarbeidet vart gjennomført innanfor gjeldande regelverk og det var ikkje klage frå grunneigar pga. støy/ vibrasjonar.

### 6.3 AVFALL OG GJENNVINNING

Entreprenørane hadde god handtering av avfall på anlegget.

Overskytande massar frå anlegget vart køyrt til deponi på Agjeld.

### 6.4 GRUNNERVERV

Det er 2 grunneigarar på parsellen, Reidar Holen og Jogeir M. Agjeld.

Reidar Holen er den grunneigaren som har fått dei største inngrepa på sin eigedom sidan han er grunneigar på vest og austsida av Holetunnelen.

Jogeir M. Agjeld er eigar av påhogg til Agjeldstunnelen, ca. 30 m. av parsellen.

Før oppstart vart det signert arbeidsløyve med grunneigarane jf. reguleringsplan.

Gjennom heile anleggsperioden har det vore dialog mellom SVV og grunneigar.

Reidar Holen har hatt merknader til at arbeidet ikkje har vorte utført som avtalt og det har vore stor belastning for han sidan det har vore utbygging på hans eigedom sidan 1997.

SVV har hatt som mål at sluttproduktet skulle bli bra og har heile tida vore imøtekommande angående merknader frå grunneigar.

November 2013 vart det signert kjøpekontrakt med Marianne og Reidar Holen. I kontrakt vart det utbetalt erstatning for grunn og ulemper ved tap av areal samt ulempeerstatning i anleggsperioden.

I ettertid har Holen påstått att kjøpekontrakt ikkje var gyldig og at jordbruksareal ikkje har blitt erstatta med nytt areal jf. reguleringsplan.

Etter kjøpekontrakt vart signert har det vore fleire synfaringar og møter mellom partane og ordførar i Stryn kommune har vore involvert.

SVV har tilbode utbetring av skadar etter storflaumen 28. oktober 2014.

Mai 2015 mottok SVV brev frå R. Holen der han krev at kjøpekontrakt vert annullert og re- forhandla. Samstundes mottok SVV brev frå ordførar i Stryn der han ber om møte med SVV og grunneigar i denne saka.

Saka er uavklart.